

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Ove Sæbø | FE - 223 | 18/43 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|--------------------|------|------------|
| 004/2018 | Næringsfondsstyret | PS | 06.03.2018 |

Framlegg til vedtak - søknad om tilskot til destinasjonsselskap for reiseliv.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 576 250,- i tilskot fra næringsfondet til felles reiselivssatsing for iModalen. Løyvinga skal dekkje kosntader i tråd med søknad d. 31.01.18.

Følgande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Det må avklarast og meldast til Modalen kommune kven som er ansvarleg for prosjektmedarbeidaren (arbeidsgjevaransvar).
- Modalen kommune utbetalar tilskotet forskotsvis for 1 år om gangen og i 3 like store summar. iModalen sender Modalen kommune faktura forskotsvis.
- iModalen skal utøve aktiv og inviterande haldning m.o.t. andre aktuelle aktørar som også kan bidra med sine produkt/tenester innanfor reiselivsutviklinga i kommunen.
- iModalen samarbeider med «Region Bergen» m.o.t. reiselivssatsing.
- Det skal sendast årleg statusrapport inkl. rekneskap for bruk av løyvd tilskot til Modalen kommune.
- Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte kostnader i høve kostnadsoppsettet i søknaden. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.
- Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.
- Første utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trøng for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Saksopplysningar:

Reiselivsaktørane i Modalen (8 stk.) er organisert gjennom iModalen og søker om tilskot frå Modalen kommune sitt næringsfond til å gjennomføre:

- Organisasjonsutvikling: kostnader knytt til å finansiere ein prosjektstilling i 30 % over ein

periode på 3 år, og som skal arbeide fram reiselivsprodukt og marknadsføre desse.

- Marknadsutvikling.

Totalkostnaden for heile prosjektet er kr. 946 250,- og er finansiert ved:

- Kr. 100 000,- i eigenkapital.
- Kr. 150 000,- i eigeninnsats.
- Kr. 120 000,- i tilskot frå Osterfjorden Næringsfond.
- Kr. 576 250,- i tilskot frå Modalen kommune sitt næringsfond.

Bakgrunn

Reiselivsaktørar/-interesserte i Modalen har sidan hausten 2016 møttes ca. kvar 5 veke for å drøfte utvikling for næringa. Hausten 2017 vart det gjeve tilskot frå Osterfjorden næringsfond på ca. kr. 25 000,- til utvikling av strategi for reiselivsutviklinga i Modalen. I strategien vart det vist til at ein ville sokje å få på plass ein deltids prosjektstilling som kunne ivareta satsinga på vegne av alle aktørane.

Vurdering

Tiltaket er i tråd med satsing i strategisk næringsplan. Fokusområdet *reiseliv* har som målsetjing å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt. Fleire moglege næringar innanfor reiseliv er naturbaserte og vil difor også komme inn under fokusområdet *naturressursar*. I tillegg treff tiltaket på fokusområdet *gründer, etablering, entrepenør og innovasjon* ved at verksemndene/personane går saman og skipar eige destinasjonsselskap. Til slutt treff tiltaket på *kompetanse og samarbeid* gjennom at ein går sammen om felles satsing innanfor ei vekstnæring.

Tildelingskriteriane i strategisk næringsplan har øvste kategori nr. 3, og som gjev inntil 50 % stønad. Det er i tillegg vist til at det i særlege tilfelle kan tildelast *utover* kat. 3. Rådmannen viser til at reiseliv har vore ei satsing også i førre strategiske næringsplan (90-talet). Vurderinga er at det no er arbeidd fram ei systematisk satsing i ein fellesskap. Det er vanskeleg å sjå føre seg at dette kunne blitt arbeidd fram på anna vis med mindre ein kopla på eksterne aktørar / finansieringskjelder. Det har ikkje vore tilfelle så langt. Vurderinga er at tiltaket kvalifiserer for tilskot utover kat. 3, 61 % av totale kostnader.

Tiltaket er i tråd med næringsfondsvedtekten i forhold til mogleg effekt på busetnad og sysselsetjing. Dersom ein får styrke reiselivsnæringa vil det kunne gje auka grunnlag både for sesong- og heilårsarbeidsplassar. Det er rimeleg å leggje til grunn at prosjektet vil bidra til nyskaping innanfor både marknadsføring, samt produkt-/servivetilbod. Ein kan også forvente at dei involverte verksemndene vil oppleve vekst/utvikling.

Konklusjon

Rådmannen stiller seg bak prosjektet og vurderer at det er eit godt utgangspunkt for å ta reiselivssatsinga viktige steg vidare.

Næringsfondsstyret - 004/2018

NF - behandling:

Liv Anne Aanensen orienterte kort om søknaden på vegne av aktørane som står bak den felles reiselivssatsinga.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål om eigarskapsmodell i tiltaket i høve habilitet i handsaminga av saka. Liv Anne Aanensen orienterte om at eigarskap i denne søknaden er berre eit døme på korleis det kan organiserast, og korleis eigarskapet kan sjå ut. Ingen aktørar har pr i dag investert i eigarandelar, slik det kan sjå ut i utfyllinga av søknaden. Det vil og vere mogleg for andre enn dei potensielle som er nemnt å knyte seg til. Næringsfondstyret konkluderte dermed at alle medlemmane er habil til å handsame søknaden slik den ligg føre.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

NF - vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 576 250,- i tilskot frå næringsfondet til felles reiselivssatsing for iModalen. Løyvinga skal dekkje kosnader i tråd med søknad d. 31.01.18.

Følgande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

- Det må avklarast og meldast til Modalen kommune kven som er ansvarleg for prosjektmedarbeidaren (arbeidsgjevaransvar).
- Modalen kommune utbetalar tilskotet forskotsvis for 1 år om gangen og i 3 like store summar. iModalen sender Modalen kommune faktura forskotsvis.
- iModalen skal utøve aktiv og inviterande haldning m.o.t. andre aktuelle aktørar som også kan bidra med sine produkt/tenester innanfor reiselivsutviklinga i kommunen.
- iModalen samarbeider med «Region Bergen» m.o.t. reiselivssatsing.
- Det skal sendast årleg statusrapport inkl. rekneskap for bruk av løyyd tilskot til Modalen kommune.
- Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte kostnader i høve kostnadsoppsettet i søknaden. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettet, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.
- Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.
- Første utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trøng for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til destinasjonsselskap for reiseliv
resultset_533_586_vedlegg1.xlsx